

Emne:	Referat frå Regionalt planforum 25.04.2017 – Områdeplan Alversund	
Til stades:	Ståle Hauge Frøydis Ones Trude Langedal Therese Braseth Laila P. Kaland Hanne Berentsen Grete Riise Marianne Skulstad Tone Bøyum Eva Katrine Taule Anne-Kathrine Vabø Gunnhild Raddum Monika Serafinska Kjetil Bø Omarstrand Else-Marie Aarø Odd Tøsdal	Utvalsleiar, Plan- og miljøutvalet, Lindås kommune Lindås kommune Lindås kommune Lindås kommune Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Hordaland Statens vegvesen Statens vegvesen Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Mattilsynet
Forfall:		Sak: 2014/13624-
Møtetid:	25.04.2017 Kl. 13:00-15:00	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordaland

Møteleiar: Eva Katrine Taule

Referent: Kjetil Bø Omarstrand

Innleiing ved Frøydis Ones, Lindås kommune

Det blei innleiingsvis gitt eit kort historisk tilbakeblikk på planprosessen med bakgrunn i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund frå 2007.

- 2008: områdeanalyse v/Arkitektgruppen Cubus
- 2009: Oppstart områdeplanen, arkeologisk undersøking ved Alversund skule, reguleringsplan for ny gangbru over Fv 565.
- 2010: Utviding av planområdet, ny arkeologisk utgraving. 6 nye automatisk freda kulturminner.

I eit arbeidsutkast frå 2013 vert området for ein ny Alversund skule og bustadområdet nær skulen foreslått utvida mot sør. Veg- og trafikkkløysing har heile tida låge som eit viktig premiss i planarbeidet.

Trafikksituasjonen rundt skulen i dag er utfordrande med vanskelege forhold for avsetting og henting. Det har vært gjennomført folkemøte, møte med grunneigarar og FAU i tillegg til møte med HFK, SVV og Salhus museumssenter. Det er vedtatt politisk å byggje ny skule, då den gamle er i dårleg stand. Kommunen ser for seg å leggje til rette for eit aktivitetsområde mot sør, med bl.a. ny fleirbrukshall.

I 2017 vert planområdet utvida mot nord-vest. Norconsult vert engasjert for å komme med forslag til nye tilkomstveger til nye Alversund skule, kor 9 ulike alternativa vert presentert. Alternativ 8 vert anbefalt av både SVV og Norconsult. For kommunen er fleire av alternativa utfordrande og svært arealkrevjande. Alternativa kan få store konsekvensar for utviklinga av framtidige senterfunksjonar og tenesteyting i Alversund. For kommunen er det viktig å få avklart eit alternativ så snart som mogleg.

Diskusjon i plenum:

HFK har vald å vente med fråsegn til planarbeidet med til etter dette planforumet.

Trafikale løysingar

Mange viktige prinsipp som ligg til grunn bak dette planarbeidet. Fleire var samde om viktigheita i det å sikre ei hjertesone, og er begeistra for at kommunen har inkludert dette. Hjertesone er eit nasjonalt satsingsområde i 2017 som også er nemnt i NTP. Statens vegvesen meiner at dette avhenger av at ein får på plass naudsynt infrastruktur, slik at ein ikkje etablerer vaner med biltrafikk tett opp til skuleområdet. For å realisera dette meiner dei ein bør sikre areal til ein kryssløysing som vil løyse dei trafikale utfordringane skissert av Lindås kommune. Ivaretaking av sikkerheita til barn- og unge vil bli utfordrande om skulen vert teken i bruk, og bustader utbygd før naudsynt infrastruktur er på plass.

- Skyss ønskjer å leggje til rette for av- påsetting langs fylkesvegen.
- Lindås kommune opplever at utfordringane ein har i dag skuldast dagens kombinasjonsløysingar for buss og bil i same rundkøyting.
- Stor politisk motstand om å bruka så mykje areal til busstopp i Alversund. Det er samstundes for tidleg å avklara ein kryssløysing når ein enda ikkje veit kva den gamle skuletomta vil bli brukt til. Så lenge det er greitt for Skyss at ein brukar dagens eksisterande busslommer, meiner kommunen dette bør gå bra foreløpig.
- Ny bru og mogleg tunnelinnslag har stor påverknad på trafikken i området, noko som og vil få betydning for det offentlege transporttilbodet. Anbefalingane til Norconsult og SVV opplevast derfor for styrande på dette stadiet.

Det vert påpeikt at både lærarar, barn og brukarar bør kunne gå frå parkeringsplassen. Kommunen ønskjer å avgrensa parkering til der det verkeleg trengs i forbindelse med ny skule. 50 P-plasser er føreslått. Kommunen opplyste om einskilde er skeptiske til den føreslåtte avstanden mellom P-plasser og skuleområdet/ fleirbrukshall. Det er antatt at avstanden på 300 meter vil vere mest utfordrande i forbindelse med henting av barn frå SFO. Kommunen opplyste også om at 80% av bussane som køyrar forbi i området mot Hilland, ikkje tilleter av- eller påstiging. Det er per i dag *ein* buss elevane kan bruka.

Kulturminner

Fylkeskonservatoren opplyste om at låven innanfor planområdet ikkje er automatisk freda, men Sefrak-registrert. Kommunen bør vurdere løysingar der låven kan integrerast i trafikkbiletet. Kommunen har vært i kontakt med Salhus museumssenter, dateringar viser at låvens alder faller like utanfor alderen som bestemmer om kulturminner blir automatisk freda. Det må likevel avklarast om det er snakk om regionale kulturminneinteresser, og at ein utviding av planområdet mot nord stiller krav til ny registrering. I sør er det eit område som må undersøkast på ny og ses i samanheng med bustadutvikling. Det vidare planarbeidet må vise omsyn til at dette er eit viktig klassisk jernalderlandskap med tydelege dyrkingsspor og gravplasser. Dei eldste spora frå menneskeleg busetnad i området stammar frå steinalderen. Kommunen påpeikte at kulturminner vil bli eit viktig premiss i det vidare planarbeidet.

Ny Alversund skule

Fylkesmannen er oppteken av at uteområdet er stort nok til at det ivareteke barn- og unges interesser. Kommunen opplyste om at den nye skulen er planlagt bygd for 450 elever. Av uteopphaldsareal er det satt av 40 mål, noko som er nær dobling av dagens areal ved den eksisterande skulen. Kommunen ser for seg ein fleirbrukshall og areal er satt av til fotballbane, og moglegvis bassengfasilitetar. I forbindelse med fleirbrukshallen ser dei også for seg å etablere ein ungdomsklubb. Kommunen ønskjer også å sikre siktlinjer ned til sjøen vest for skulen, og areal til kyststi. Hordaland fylkeskommune har forståing for at kommunen ønskjer å få regulert inn skuletomta. Det er likevel såpass mange uvissheiter, at det kanskje ville vært ein fordel å få vedtatt kommunedelplanen først. Lindås kommune er usikker på kor mange fleire elever som vil kome som følgje av den prognoserte veksten, men forventar at ein vil få ein større flytting av elevgrunnlaget etter kommunesamanslåinga.

Generelt

Sør i planområdet er det ein viktig landskapskorridor som strekker seg ned til sjøen. Kommunen meiner det er viktig å få avklart korleis og når ein bør regulera dette området. Det frå lokalt hold eit stort press om utbygging. Den planlagde elleverbanen vil ligge tett opp mot dette skogholtet og sperre korridoren. Kommunen ønskjer å ha opne moglegheiter slik at planleggjarane kan kome med dei beste og mest kostnadseffektive forslaga. Fleire samdes om at dette er eit flott skogsområde som kan brukast til fleire føremål av både skulen og busette i nærleiken. Slike friområde kan med fordel leggjast til rette for bruk av fleire generasjonar.